

Olav Berg
Raudeberg

Raudeberg den 18/9 1978.

Kjære Arthur !

Takk for besøket forige søndag. Eg har no skreve ei anetavle som du snakka om og den er så nær som komplett i 5.generasjonar. Der ~~manker~~ din tipp oldemor frå Smørdal i Eid, som eg ikkje har namn på. Dette får Du frå ein samlar av slekt inne på Eid. Min skulekammerat Erik Alsaker hjelper deg sikkert dersom du spør han. Du kjenner han frå den tid dei hadde sjøbud ute i Torskgangerpollen og ^{Rohel}besta hadde løkjelen for buda. Ho brukte å henga klar til tørk ute på Alsakerbuda når det var styggeveir å henga klarne ute.

Tavla er delt i to, for eg hadde ikkje så store ark at eg kunne få det heile inn på eit ark - difor får du lime det fast med teip på baksida slik at det ikkje viser, eller lima det opp på eit pappstykkje, som held arka på plass. Eg hadde ikkje skikkeleg tusshpenn difor måtte eg krota det opp med ein kulepenn, slik at blekket ikkje har dekkja heilt dei krota strekarne - nokre er gjerne noko tjukk og andre er tynnare. Eg ser ikkje så godt lenger, så det er ikkje så beint som det skulle være. Billetet er i allefall slik som kunstnarer har utforma ei slektstavle, så du har modellen og kan få ei av barna dine til å tegna det av og gjera det betre - Liv Irene er flink å tegne og det er dei andre også forresten.

Idag har eg ei dame frå Amerika, som leiter etter sin slekt her i Noreg. Det er Bergslekt, ho søker etter, men eg tvilar på om ho er i slekt med oss. Eg skal leite 125 år tilbake, då hennar bestefar reiste til Amerika - hennar far heiter Olaf Berg. Der var ein Olaf Berg nede på Vågsberget - født 1851 gift med Hymanda Boalth - han døde 1920 og kan umuleg være hennar far. Ho var i Oslo på Stadsarkivet tre dager før helga og kom til Bergen i går og er no et par dager på Hordaheimen og eg har sendt nokre opplysningar til henne, som vil bli suplert med eit besøk idag av min fetterson Torleif Berg i Bergen. Det er altfor knappt opplysningar eg har fått, men eg vonar at det vil oppklara noko meir i løpet av morgendagen, då ho skal reise vidare. Kvar vegen går er uvisst - alt beror om ho har funne opplysningar som leier henne på rett spor. Eg forstår at dette er ei miljonøse, som set alt inn på å finna si slekt her i Noreg. Det kan være ofte så vanskeleg som å finna ei nål i ein høystakk. Eg tenkjer kor lenge det var eg leita etter vår bestefar med Holmen, før eg fann kvar han var fødd og døypt. Eg leita i prestebøkene i Selje - Davik og på Syvde før eg fann dåpsatesten inne på Stiftsarkivet. I Syvde kyrkje låg nokre gamle kyrkjebøker og der fann Sverre Nybø dei etter mykje leiting og då var det gått 25 år -. Slikt som ein har havdt mykje stræv med å finna vert ein glad i -.

Det har vore stormande veir i det siste dager. Her har båtar vorte sein av vind og sjøen utfor Statt, ser eg. Men eg har ikkje høyrte om ulukker. Det var skade på "gamle Åsehuset", der har flakna av noko av bordklødning og knust nokre glasruter, så der var eindel bordklødning strødd oppe p holdeplassen. Det vart samla opp og pussa opp, straks etterpå så det er ikkje noko å snakke om. Ein båt skulle leggja til kai her på Raudeberg for å henta fiskevarer hjå Dombestein - han våga seg ikkje til land men tørna på hamna og venta til stormen reid av, før han lagde til kaia. Det elektriske lyset vart burte mange ganger ^{laust og kaldt} heile natta til søndag men er no vorten meir stabil. Det som har gjort mest inntrykk på meg er det store jordskjelvet - truleg det største på mannsalder, der tusenvis av menneskjer har mista livet. Olga sa "det der, minnst om den siste tid, når verda skal forgå". Dette ordtakjet minnar om noko meir spesielt, som er meir enn eit munnheld. Den tid vi går, frå vårt gode forsett, å leve etter Guds vilje - Det er verdens undergang, for oss sjøl og dei vi lever saman med. Då vert det at, jorda under ryster, og vi synker ned i elendigheiter og kjenner, at vi pinast, som i eit eldhav, og roper etter hjelp i vår naud.

Det er godt å være oppteken med noko, som kan være til tidsfordriv og leia burt frå giftige ting, som fyljer med njotingssykje. Kan vi ha noko som ikkje forgiftar vårt sinn eller vårt lekam -. Noko som vi kan ofra til andre. Du veit at bestefar med Holmen levde eil lukkeleg liv han ofra i sin ungdom mykje av det som han hadde nøgda av - fisk. På sine gamle dager, når han ikkje kunne være meir på sjøen - fekk han likevæl fisk. Det var Nok eit styrelse frå Gud, lyt eg seia, for det var ikkje dei som hadde fått fisk av han bestefar som kom med denne fisken. Det er det vi kallar "eksempelets makt" - Der er makt i dei foldede hender. Når vi er komne til års så ser vi dette (når vi har fått eit nytt syn) frå han som tok på seg den straff som verda skulle ha - og som ikkje dømde syndararne, men berre synda. Han sa til syndaren : Gå bort i fred, og synd ikkje meir, for ikkje noko verre skal varast deg. Ein skal ikkje fortsetta å synde på Nåde - er meininga. Men du veit at vi er skrøpelege og kjem oftare bort i ting som vi ikkje ville. Det er skilnad på motiv.

Eg ser på ei anetavle, som på det fjerde bodet, lat oss være einig i det, som din far sa det, ein gong vi diskuterte om slektsoppteignelse. Skriv om alt det som er ære vart, og det var eit godt motiv trur eg -, det skal være sant.

Hels din kjære kone og dine andre i familia frå meg og Olga

Hjarteleg helsing.

Olav Berg